

**Hordaland fylkeskommune**

**Pb. 7900, 5020 BERGEN**

**Dykkar ref: 2014/16490**

**Steinar Steine**

**Liabrekko 71**

**5600 Norheimsund**

**Vikøy og Øystese Bondelag**

**Representerar Hordaland Bondelag i Hardanger vassområde**

## **Høyring tiltaksplan Vassregion Hordaland/ område Hardanger**

Det meste av dei føresleigne tiltaka handlar om overvaking og til dei har me ingen innvendingar.

Vil likevel oppmoa til ei sterkare involvering av grunneigarane i dei enkelte elvar under overvakinga en det som har vore gjort i kartleggingsfasen.

Det som me ser som det største problemet her er alle dei stader det står at det skal etablerast kantvegetasjon. Tilgang på dyrka areal er begrensa i vårt område og me har lite å gje bort til å dyrka oreskog på.

Det er heller ikkje heimel i lov for å krevja at grunneigar skal etablera kantvegetasjon i form av skog.

Vannresurslov §11 krev ikkje at ein skal reetablera kanvegetasjon som ikkje var der før lova tredde i kraft. Lova definerar heller ikkje størrelse på kantvegetasjon

Ser ein på Forkrift om produksjonstilskot set den visse krav til kantvegetasjon

### **2.5 Miljøkrav**

#### **2.5.1 Generelle miljøkrav**

Det skal ikke foretas inngrep av negativ betydning for kulturlandskapet.

For å motta fullt produksjonstilskudd er det krav om at det skal settes av **to meter vegetasjonssone som ikke jordarbeides** mot vassdrag og kanaler.

Kravet her er også berre at jorda ikkje vert pløgd opp. Du kan likevel hausta det naturlege graset.

Ut i frå dette ser me ikkje at me kan påleggjast å etablera meir skog langs elvekantane enn det som allerie fins.